■ På en liten høyde utenfor en stor by i India tar reisen min slutt. Letingen etter arven fra apostlene har ført meg hit, og det er en arv av lys og skygge. Små lykter av håp kaster spede glimt inn i en overveldende natt. Gjennom en historie av undertrykkelse og trass har jeg sett et mirakel: Det finnes fremdeles en kirke i øst!

I løpet av livet krysset Tomas ikke bare kulturskiller, språkbarrierer og landegrenser. Han krysset også et voldsomt kontinent og kanskje et hav. Til slutt krysset han også Indias landmasse fra vest til øst. Både apostelen Tomas og jeg ender reisen vår her. Vi har begge reist fra Oljeberget til Tomasfjellet, som denne høyden kalles,

” Det demrer for meg at det kanskje er dette jeg har vært på leting etter hele tiden: en levende tro.

Parangi Malai, utenfor byen Chennai. Fra dette fjellet har jeg utsikt over Bengalbukten, en by med over fire millioner mennesker og stranden utenfor den. Det var her på Tomasfjellet, eller rett i nærheten, at apostelen Tomas skal ha endt sine dager tjue år etter at han kom hit. Man rekker mye på tjue år.

Den hjemløse Gud

Øverst på Tomasfjellet er det bygget en liten kirke. Omkring den er det en åpen plass, en souvenirbutikk og noen benker. På baksiden av den lille kirken vokser det et stort løvtre. Det har vokst i århundrer. Under treet er det et par benker. På den ene benken ligger det en mann og sover. Jeg går nærmere og finner noe annet enn jeg først trodde. Det er ikke en mann, men en statue. Den skal forestille Jesus, den fattige og hjemløse Gud.

På benken ved siden av sitter det et foreldrepar og en voksen sønn. Jeg slenger ut en kommentar om været, og med ett er jeg dratt inn i en samtale. Det er tydeligvis kvinnen som er talerøret i familien. De har valgt å legge den ukentlige utflukten sin nettopp hit, og det er mange år siden sist de var her. På få replikker har samtalen kommet til mitt ærend i India, og da er det som en port åpner seg.

Kvinnen, som for å understreke hele sammenhengen bærer navnet Evangeline, er professor i matematikk og datter av en luthersk biskop. Uredd deler hun troen sin med meg, med en vibrerende glede. Før jeg vet ordet av det, sitter hun og synger om Jesus. Det kjennes som om det er en konsert, og jeg er den eneste i salen. Etter hvert kommer det flere til. Det berører meg dypt, og det demrer for meg at det kanskje er dette jeg har vært på leting etter hele tiden: en levende tro.

Overbevist


Var det med den samme frimodigheten Tomas delte fortellingene om Jesus den gangen han kom til et nytt land? Frimodig, glad og ivrig? I alle fall overbevist. Historien forteller at Tomas ble stukket ned med spyd, i et bakholdsangrep ikke langt fra her vi sitter nå. Derfor har Tomas et spyd i hånden på nesten alle statuer som gjengir ham i dette landet – og det er mange. Jeg kjøper en liten utgave av Tomas i en kiosk utenfor kirken: Tomas med spydet. Den står på skrivebordet foran meg når jeg skriver dette.

Mange tror at store deler av kroppen til apostelen Tomas er begravet her i nærheten. Samtidig har jeg vært så mange steder som har funnet en kraft i overbevisningen om at også de har en bit av Tomas. Og hva er sant? Og hva er viktig? Det som i alle fall er sikkert, er at her, langs veien jeg har reist gjennom Midtøsten til India, har Tomas i to tusen år pekt på Jesus fra Nasaret, med sin iver og sin menneskelighet, med sitt liv og sin død. Med sin finger. Her er fremdeles Tomas de troendes trøster og bindeleddet til Gud selv.

Jesu sår

I India finnes det to motiver av Tomas som går igjen på statuer og gipsfigurer. Det ene er apostelen stående med et spyd, lik det jeg har på skrivebordet. Det andre motivet er det samme som møter alle besøkende som kommer opp den siste trappen, mot toppen av Tomasfjellet. Statuen skinner som bronse der den står i menneskestørrelse midt i veien, og den viser den forbløffede Tomas idet han kjenner på Jesu sår. Og tror. I Jesu sår og i kirkens sår har det alltid vokst en tro, og på veggen av den lille hvite kirken bakenfor statuen står ordene som Tomas skal ha sagt ved den anledningen.

I århundrene som har gått, har disse ordene blitt limet i den bevegelsen som elleve menn satte i gang ved begynnelsen av vår tidsregning, den bekjennelsen de levde og døde for: Min Herre og min Gud! ■



Arven etter apostlene

Mens Paulus foretok misjonsreiser vestover, dro de fleste andre apostlene mot øst. I boken «Østover. På leting etter apostlenes arv» reiser Jostein Ørum fra Oljeberget i Jerusalem til India der apostelen Tomas etter tradisjonen gikk i land i dagens Kerala i år 52. Dette utdraget er trykket med tillatelse fra Verbum forlag og forfatteren.

TVINGA TIL Å BLI HINDUAR

**India: Ytterleggåande hindu-grupper
tvangskonverterer urfolk som er blitt
kristne, eller jagar dei frå landsbyane.**

TEKST: JOHANNES MORKEN

Kristne frå eit stammefolk i Odisha samla til gudsteneste. Foto: CSW

■ **I månadsvis snudde** politiet ryggen til då kristne i fleire titals landsbyar varsla om valdelege angrep frå ytterleggående hindu-grupper. Dramaet skjedde i eit distrikt nær hovudstaden i den nordaustlege delstaten Chhattisgarh.

I dagane før jul kom mange angrep, på den verste dagen 18. desember var det angrep i 20 landsbyar. Minst 1000 kristne vart fordrivne. Politiet gjorde ingenting.

Dagen etter samla heimlause kristne seg i distrikts-hovudstaden Naryanpur. Først etter to dagar skaffa styresmaktene dei heimlause tak over hovudet. Mat og naudhjelp måtte kristne støttespelarar syta for.

«På vegne av det råka kristne samfunnet ber vi om rask handling for å gje offera tryggleik og verna den grunnlovsfesta retten deira til å praktisera trua si», skreiv generalsekretær Vijayesh Lal i Evangelical Fellowship of India (EFI) i eit brev til regjeringssjefen i delstaten like før julekvelden.

Men ingenting blei gjort. Den 2. januar samla eit par tusen hindu-nasjonalistar seg. Dei angreip ein katolsk skule og øydela ei kyrkje i distriktshovudstaden. Fleire politifolk vart skadde. Først då kom delstatsregjeringa med tiltak for å forby store demonstrasjonar. Men som ein kristen observatør seier, dette tiltaket kan brukast også mot offera for valdsangrepa.

Juledramaet viser kva kampen står om i India.

Under dobbelt angrep

I dei aktuelle landsbyane bur adivasjar, Indias urfolk. Men hindu-nasjonalistane, leia av den paramilitære rørsla RSS og Indias nasjonale regjeringsparti BJP, nektar å godta stammefolka som urfolk. For dei nasjonal-religiøse kreftene er det hinduane som ber Indias opphavlege kultur og nasjon. India er for desse eit land for hinduar.

– Landsbyfolket er under dobbelt angrep frå hindu-nasjonalistane. Dei er under angrep både som urfolk og som kristne, seier Vijayesh Lal til Magasinet Stefanus.

Adivasiane, som det er vel 105 millionar av, er tradisjonelt animistar – dei tilber naturen. Grunnlova garanterer trusfridom, men nektar å godta animisme. Hindu-nasjonalistane hevdar at stammefolka eigentleg er hinduar. Men hindu-guruane, skriftene og templa er svært framande for Indias urfolk.

Ei lokal gruppe som er del av paramilitære RSS, drog i november frå landsby til landsby i eit stort adivasi-område nær Naryampur, distriktshovudstaden i delstaten Chhattisgarh. Dei pressa fram eit landsbymøte med eitt mål: å isolera og fordriva kristne adivasjar.

– Paramilitære RSS er svært aktiv i alle stamme-områda. Dei vil «hinduisera» adivasiane, få dei inn i hindufalden. Dessutan vil dei stoppa innverknaden frå kyrkja. Kyrkja har vore i adivasiområda i 200 år. Kyrkjene har endra urfolk frå å vera hovudjegerar til å skaffa seg utdanning og arbeid. Kyrkjene har bygt skular. Folk sluttar ikkje å vera adivasjar etter konvertering, dei tek med seg kulturen. Men hindu-nasjonalistane påstår at kristne stel kulturen deira, og prøver samstundes å tvinga på urfolket hinduistisk kultur og tru, seier Lal og legg til:

– Alle dei store valdelege angrepa mot kristne dei siste 20 åra har skjedd i urfolk-område.



Landsbyfolket er under dobbelt angrep – både som urfolk og som kristne.

Vijayesh Lal

Grov opp lik av kristne

Han er ikkje svært overraska over jule-valden i Chhattisgarh.

– Området hadde koka i fleire månader. I haust kom rapportar om landsbyaktivistar som grov opp lik av kristne som vart nekta gravplass. Kristne blei banka opp og tvinga til å forneakta trua si. Kristne vart sosialt boikotta, dei vart nekta vatn og land. Folk vart pressa ut frå landsbyane, seier Lal.

Fleire organisasjonar i sivilsamfunnet sende før jul eit team til dei angripne landsbyane. Rapporten stadfesta valdsangrepa og dokumenterte ein kampanje for å «rekonvertera» kristne med tvang. Kristne adivasjar blei tekne med til hindu-tempel og utsette for «gharwapsiseremoniar»: Med rennande vatn og hindusongar vart kristne adivasjar ført «tilbake til hinduismen». Ifølgje hindu-nasjonalistane fører denne seremonien menneske «heim til sin eigentlege religion». Dette blir og gjort mot muslimske adivasjar andre stader. →



Dette var ei kyrkje – som her er brent ned i landsbyen Kistaram i Chhattisgarh. Foto: Morning Star News

” Det kom rapportar om landsbyaktivistar som grov opp lik av kristne som vart nekta gravplass.

Vijayesh Lal



– Den einaste tvangskonverteringa som skjer i India, er seremoniar for å konvertera menneske til hinduismen, seier Lal.

Lover som kriminaliserer

I 11 delstatar er det innført strenge lover som skal «verna religionsfridommen» og hindra konvertering med tvang, press eller lokkemiddel.

Men så vage og vide er definisjonane at all konvertering kan bli påstått å vera ulovleg. Lovene er blitt kraftige maktmiddel i hendene på hindu-nasjonalistar som brukar truslar og vald mot prestar og pastorar som vert skulda for lovbrøt. I stammeområda vert lovene også brukte mot enkeltmenneske som har valt å bli kristne eller muslimar. Lovene vert ikkje brukte mot gharwapsi-seremoniane.

Alle som planlegg å skifta religion, må i mange av delstatane varsla offentlege styresmakter på førehand. Desse kan offentleggjera varsla. Det gjer mange adivasjar redde for valdsangrep. Høgsteretten i delstaten Madya Pradesh fastslo i november at eit slikt krav bryt med Grunnlova.

Alle lovene har straffer i form av bøter eller fengsel frå eitt til fem år. Men der det handlar om stammefolk (adivasjar), lågkaste (dalitar), kvinner eller barn, er straffene ofte dubla. I delstaten Karnataka er maks-straffa då



Kristne adivasi (urfolk) samla til gudsteneste. Foto: CSW

10 års fengsel. I Chhattisgarh er strammeramma to år i slike tilfelle.

Vil «frigjera India»

Paramilitære RSS samla sommaren 2021 toppane sine til eit møte i ein heilag by i nord. Der lanserte dei ein kampanje for å «frigjera» India frå både kristendom og islam. Ikkje minst ville hindu-nasjonalistane ha nasjonal politikk for å stoppa all konvertering.

Då hadde Indias Høgsterett avvist eit framstøyt frå ein hindu-nasjonalistisk advokat som hevda at «tvangskonvertering» var eit nasjonalt problem. Dommarane viste då til at det å dela trua og forkynna er garantert av Grunnlova, paragraf 25.

Men så kom eit sjokk i november 2022. Eit panel med to andre dommarar støtta den aktivistiske advokaten. Domstolen fastslo at «tvangskonvertering» er eit stort problem som trugar India og som regjeringa må løysa nasjonalt. Advokaten hevda til og med at hinduane står i fare for å koma i mindretal på grunn av at folk konverterer.

– Korleis i alle dagar skal 2,5 prosent kristne vera eit trugsmål mot ein milliard hinduar? Slik spør ein menneskerettsaktivist.

– Det var sjokkerande at domstolen utan dokumentasjon sa dette, seier Vijayesh Lal.

Utover vinteren var det høyringar i Høgsteretten om vegen vidare. Etter ei høyring i januar var det, ifølgje kjelder Stefanusalliansen har, tydeleg at dommarpanelet hadde bestemt seg for å pressa fram nasjonale tiltak mot konverteringar, kanskje til og med utan å gå vegen om dei prosessane som trengst før dette kan bli vedteke som lov gjennom behandling i parlamentet.

Diskriminerer

Uavhengige indiske stemmer er kritiske til Høgsterett. Redaktøren i nettavisa Outlook India skriv at mange adivasjar og dalitar (lågkaste) har konvertert for å koma



Kristne frå gondo-stamma i Chhattisgarh har fått huset øydelagt av hindutva-grupper. Foto: CSW

India – religion og folk

Verdst største land i folketal. I løpet av 2023 passerer India truleg Kina, som opplever nedgang.

Folketal: 1,38 milliardar (2020).

Statsminister: Narendra Modi

Regjeringsparti: BJP
(hindu-nasjonalistisk)

Religion: 82 prosent hinduar, 12 prosent muslimar, 2,5 prosent kristne og 2 prosent sikhar.

Grunnlova: Ho sikrar alles rett til å forkynna sin religion. Ingen religion skal ha særskilde fordelar.

Hindu-nasjonalistane byggjer på hindutva-ideologien: Hinduar er eit eige folk, ein eigen rase, Indias verkelege innbyggjarar.

Kjelde: snl.no



‘URFOLK HAR FÅTT EI STEMME’

■ **Mange frå dei** indiske stammefolka (adivasiane) har gått over til kristen tru eller islam, fordi dette har gitt dei ei stemme. Det går fram av ein fersk rapport frå den kristne trusfridomsorganisasjonen CSW med støtte frå Stefanusalliansen.

Rapporten «Belief and Belonging. Indigenous identity and freedom of religion and belief» set søkjelys på trusfridom for urfolk, med vekt på Vietnam, India, Mexico og Colombia. Rapporten er laga fordi trusfridom for urfolk er svært underkommunisert samstundes som urfolks rettar til ressursar og kultur gledeleg nok har fått auka merksemd.

Trugsmål og vald

Trusfridommen deira er i største fare.

Rapport frå CSW og Stefanusalliansen

Rapporten bekreftar at kristne og muslimske adivasiar i India blir utsette for trugsmål og vald og aggressive forsøk på å «hinduisera» dei. I staden for å verna folk frå mobben, prøver politifolk ikkje sjeldan å hindra adivasiar i å bli kristne eller muslimar, heiter det.

– Trusfridommen deira er i største fare. I tillegg har miljøødelegging som følgje av tømmerhogst, gruvedrift og annan industri ført til masseforflytting av adivasiar i fleire område, heiter det.

Bygde tempel

Ein av dei som er intervjuet, fortel at livet i landsbyen vart endra til det betre då kristne bygde skular. Ein annan fortel korleis politikarane frå det hindu-nasjonalistiske partiet BJP før eit val lovde å hjelpe. Men det einaste BJP-folka gjorde etter å ha vunne, var å byggja hindu-tempel, sjølv om adivasiane ikkje er interesserte. Ein kristen adivasi fortel korleis dei vart pressa av andre i landsbyen til å bli hinduar – aktivistane var oppmuntra og støtta av høgre-orienterte hindu-grupper.

Finn rapporten på nettsida vår www.stefanus.no ■

seg vekk frå undertrykkinga i det hinduistiske kastesystemet.

Han slår fast at ingen fakta underbyggjer påstanden om at India er i ferd med å bli demografisk endra av konvertering. Redaktøren vil gjerne ha lover som hindrar konvertering med tvang eller lokkemiddel. Men då må lovene ikkje diskriminera mellom religionane i jakta på lovbyratar.

Vijayesh Lal i den evangeliske paraplyorganisasjonen EFI er glad for at det finst kritiske stemmer.

– Men det er langt færre som vågar å vera kritiske i dag enn for nokre år sidan. Ekstremistane skremmer folk til å teia medan dei sjølve pressar fram lover som bryt med trusfridommen. ■



Muslimske og kristne leiarar samla til dialog om fred. Foto: Kolade Fadahunsi

DYRKAR HÅP MOT TERROR

Støtta av Stefanusalliansen samla Kolade Fadahunsi religiøse leiarar til dialog før eit avgjerande val i Nigeria. Dei er redde for at eit terrorherja land blir brote opp i bitar.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ – **Religiøse leiarar** skal vera politikkenes samvit, seier Fadahunsi til Magasinet Stefanus. Han er direktør i Institute of Church and Society (ICS), ei avdeling av Nigerias kristne råd.

Fadahunsi har i fleire år vore sentral i dialogen mellom ei utvald gruppe kristne og muslimske leiarar i Nigeria, det mest folkerike landet i Afrika. Med støtte frå Stefanusalliansen samla han desse for å drøfta utfordringar før valet 25. februar. Arbeid for fredeleg

sameksistens mellom religionar kan bidra til eit fredeleg parlamentsval, håpar dei.

Halvhjarta støtte til dialog

Men gruppa måtte erkjenne at det er mange religiøse leiarar som har dårleg forståing av trusfridom og berre er halvhjarta i trua på dialog mellom religionar. Dette er eit land der meldingane om terror kjem så ofte at vi lett kan mista håpet.

I det muslimske nord har islamistiske terrorgrupper som Boko Haram og Den islamske stat Vest-Afrika-provinsen (ISWAP) base. Ikkje minst har Boko Haram terrorisert både kristne og moderate muslimar og drive millionar på flukt.

Søndag 15. januar blei ein katolsk prest i den store delstaten Niger brent til døde då terroristar sette fyr på prestegarden. Isaach Achi overlevde i jula 2011 eit terrorangrep på kyrkja der han den gongen var prest. No er presten død. Prestekollegaen hans klarte å flykta med skotskadar.

– Den nordlege delen av Nigeria har lenge vore herja av massive angrep mot hovudsakleg kristne samfunn og kyrkjer. Den føderale regjeringa har svikta, av politiske grunnar. Gjerningsmennene slepp svært ofte unna, utan straff. Det ser ut som eit komplott for å hindra at valet vert gjennomført, sukker Kolade Fadahunsi.

«Vil utrydda kristendommen»

I statane sentralt i Nigeria, der det bur både kristne og muslimar, angrip militsar av det



Rosemary Epeh (t.v.) og Roslyn Adesina leier arbeid for kvinner i Nigerias kristne råd. Dei er glade for heftet frå Stefanusalliansen om trusfridom for kvinner. Foto: Kolade Fadahunsi

hovudsakleg muslimske gjetarfolket fulani i aukande grad kristne jordbruksamfunn med tyngre våpen. Det som var ein konflikt om ressursar – land og vatn – er i aukande grad blitt ein religiøst prega konflikt med angrep på kyrkjer og prestar. Like før jul og i julehelga vart minst 46 drepne og mange titals kristne bortførte i angrep på fleire kristne landsbyar i den sørlege delen av delstaten Kaduna, eit episenter for terror.

– Terroren blir sett på som ein plan for å utrydda kristendommen. Det er grunn til å lura på kvifor det er så lett for kriminelle å koma til og angripa og bortføra folk. No er det på tide at styresmakter og politi tek mangelen på tryggleik og trusfridom i Kaduna på alvor, seier Fadahunsi.

Terroren har dessutan spreidd seg også til det hovudsakleg kristne sør.

Sterk åtvaring

Dei religiøse leiara som han samla til dialog, kom med ei sterk åtvaring mot at religion blir meir og meir politisert i Nigeria. Dei ser med uro på at somme kristne føler seg pressa til å ty til våpen for å forsvara gudshusa sine og religionen sin. Dette har skjedd i delstaten Plateau i sentrale Nigeria.

– Dette går i ei farleg retning. At regjeringa har svikta oppgåva si å verna folket, gjer at kristne vert pressa mot det ekstreme, åtvarar Fadahunsi.

Meir og meir om religion

I 1999 erstatta Nigeria militærstyret med eit demokrati. Men på grunn av sterke spenningar mellom det muslimske nord og det kristne sør, handlar meir og meir om religion, seier Fadahunsi.

I Nigeria er systemet at dersom presidenten er muslim, skal visepresidenten vera kristen. Der

Nigeria – folk, religion og land

- Afrikas mest folkerike stat.
 - Folketal: 225 millionar (2022).
 - Består av 36 delstatar i tillegg til hovudstaden Abuja.
 - Over 200 etniske grupper med egne språk.
 - 49,3 prosent kristne, 48,8 prosent muslimar, 1,4 prosent folketru (Pew Institute)
 - I nord: muslimsk, lommar av kristne.
 - Midtbeltet: blanda, mange stader med overvekt av kristne.
 - Sør: hovudsakleg kristent.
 - Arbeidsløyse: 25 prosent.
- Kjelde: snl.no



Terroren blir sett på som ein plan for å utrydda kristendommen.

Kolade Fadahunsi



guvernøren i ein delstat er muslim, skal viseguvernøren vera kristen. Og motsett.

– I tillegg til at alt handlar meir og meir om religion, har vi fleire etniske grupper og enkeltpersonar som kjempar om makta. Og arbeidsløysa er svært høg. Dersom vi ikkje adresserer etnisitet, religion og arbeidsløyse, risikerer vi at desse spørsmåla vil «eta opp» landet. Grupper vil bryta ut og laga egne statar, åtvarar Fadahunsi.

Etterlyser moralsk autoritet

Gruppa som Fadahunsi samla, oppfordrar alle religiøse leiara til å bruka sin moralske autoritet til «å tene heile nasjonens interesser ved å fremje positive verdiar, eksemplarisk leiarskap, godt styresett, sosial rettferd og likskap, nasjonal integrasjon og fredeleg sameksistens».

– Målet vårt må vera at når vi går til val, må vi stemme som borgarar av Nigeria, ikkje etter kva religion eller etnisk bakgrunn vi har, seier Fadahunsi. ■

Håp og lys med Solveig Leithaug

Artisten Solveig Leithaug gjennomførte før jul 20 konsertar i samarbeid med Stefanusalliansen, med tittelen «Håp og lys i vinternatt».

– Samarbeidet med Stefanusalliansen var ei udelte positiv oppleving. Takk til alle frå staben og frivillige som deltok for å formidle historier og stå saman med meg på dei 20 konsertane, seier Leithaug.

Ho ville ta med folk på ei reise utover norske landegrenser gjennom historiane som var fortalte under konsertane - om vesle koptiske Sarah som har levd på ein søppelplass i Kairo, og om den kvinnelege iranske huskyrkjeleiarer Fariba som blei fengsla.

– Me sette også lys på Jesus si eiga historie då han, Maria og Josef måtte flykte til Egypt.

Alle som kom på konsertene, fekk ei lita julekrubbe, laga av tre i Betlehem. Krubba kunne hengast på juletreet for å minnast og be for dei som lir for si tru.

– Som musikal er det vanskelig å forestille seg eit liv der ein er i fysisk fare dersom ein syng om det ein trur på. Det kjendest viktig å syngje også for dei som ikkje har denne fridommen, seier Leithaug.

– Solveig Leithaug har ei særskild var og vakker formidlingsevne gjennom musikken sin, som tydeleg gjev publikum noko å ta med seg vidare, for trua og håpet for verda, seier Hilde Skaar Vollebæk i Stefanusalliansen.



Solveig Leithaug hadde konsertar frå Eina og Oslo og kysten rundt til Ålesund, her i Teie kirke i Tønsberg.
Foto: Marie Harbo Øygard

Felleskap i Blomvåg

Hjelme og Blomvåg menighet i Øygarden utenfor Bergen hadde sin halvårlege fellesskapskveld i Blomvåg kyrkje 10. november.

Stefanusalliansen presenterte misjonsprosjektet Stefanusbarna i Egypt. De fremmøtte fikk høre om barna på søppelplassen, se film og få «tatovert» (dvs: malt) det koptiske korset på håndleddet. Kvelden var fylt av konkurranser, lovsang, presentasjon og koldtbord.



Sangere fra en lokal gospelgruppe ledet lovsangen.

Ung aktivist for forfulgte

Øystein Fure Johansen (21) er engasjert av Stefanusalliansen for å besøke bl.a. menigheter og videregående skoler.

– Jeg har foredrag eller andakter, og prøver å inspirere folk til å delta i arbeidet og utvide sin kunnskap om menneskerettigheter og forfulgte trosminoriteter, sier Øystein.

Han kommer fra Loddefjord i Bergen og studerer nå Praktisk Teologi og Ledelse ved NLA i Bergen.

– Stefanusalliansen sier tydelig at de ønsker å stå sammen med de forfulgte. Organisasjonen engasjerer seg for personer som virkelig trenger det. Det ville jeg være med på, sier Øystein.

Ved nyttår startet han også med andakter på den nye TV-kanalen Bedehuskanalen.



Øystein Fure Johansen.

«Lys Våken» i Meland

Lørdag 12. november samlet en stor gjeng barn seg til «Lys Våken» i Meland kyrkje på Frekhaug nord for Bergen.

Barna fikk lære om mennesker som forfølges for sin tro og måtte selv på «flukt» og ha et hemmelig kristent møte. «Det var litt skummelt», meldte ett av barna. Men det gikk bra.



Under gudstjenesten dagen etter markerte menigheten «Søndag for de forfulgte». Stefanusalliansen fortalte om Asif som er fengslet for sin tro i Pakistan.

Lys Våken-barna deltok med hip hop-dans, sang og skuespill under gudstjenesten i Meland kyrkje.

Vil du være med å **be** for mennesker som blir forfulgt for sin tro?



Som BØNNEVENN mottar du ukentlig bønnebehov fra mennesker som forfølges for sin tro. Bønnebehovene får du tilsendt på e-post. Bli med å løft enkeltmennesker opp framfor Gud i bønn.

Du kan enkelt melde deg som BØNNEVENN på be.stefanus.no/be eller skann QR-koden med ditt mobilkamera, klikk på lenken og bli med:



Hun er ung, kristen og har vokst opp i et **Irak** preget av frykt og flukt fra IS' brutale terror.



Men Manuella (24) vil ikke forlate Irak

Stefanusalliansens partner Capni jobber for å tilrettelegge for vennskap og enhet på tvers av kirkesamfunnene. Dette gjør de ved å arrangere leirer og ungdomsmøter der ungdom får muligheten til å møte andre kristne, bygge fellesskap og styrke troen. På den måten legges et solid fundament for kristen tilstedeværelse, og det gir Manuella og de andre kristne ungdommene en grunn til å bli værende. *Les samtalen med ungdommene på s. 8-9 i Magasinet Stefanus.*

I et så rystet samfunn som disse kristne ungdommene har vokst opp i, er dette et kritisk, viktig arbeid. Isolert og alene vil de unge forlate landet. **Og uten de unge vil kristen tilstedeværelse i Irak dø ut. Derfor må vi handle nå!**

Sammen med de unge i Irak håper vi du vil være med på å sikre at 2000 år med kirkehistorie og trosliv får leve videre.

Med sitt håp er Manuella både et lys for Iraks framtid og for kristen tro i landet.

Vil du gi en gave for håp og framtid til ungdom som Manuella?

Gaveeksempler:

Mat for én deltaker på kristen leir i Irak:

385 kr

Trygge møteplasser for en ungdomsgruppe:

780 kr

Send én kristen ungdom på leir:

1150 kr

Gi med **vapps** til 19013
Merk med: **håp**

Gi til gavekonto: **3000 14 57922**
Merk med: **håp**